



Hyggeleg gjensyn på Oska. Lars Johan Myklebust(sitjande) og Yngve Myhre.

Blant alle dei som nytte komlemiddag på Oska torsdag, var også dei to einaste uskedelingane som i dag har fotballen som levebrød. Heime på ferie i Uskedalen tok Yngve Myhre og Lars Johan Myklebust middagen saman med foreldra sine på mathuset Oska på kaien.

Fysioterapeut Yngve Myhre er ferdig med sin første sesong som leiar for det medisinske apparetet i Sogndal, som i haust rykte opp i det ypperste selskap, Tippeligaen. Han kan sjå tilbake på ein flott sesong med mange singlar, og har nok hatt mange flotte opplevingar i den suverene perioden som klubben frå Sogn har bak seg.

Lærer Lars Johan Myklebust vart i fjor sommar henta til den belgiske klubben BX Brussel som ein del av trenarteamet der. Han vart anbefalt til denne heiltidstrenarjobben av Johnny Mikal Gallefoss som han tidlegare hadde jobba saman med i Norheimsund. Lars Johan kan sjå tilbake på ei kjekk, utviklande og travel tid i den belgiske klubben.

Yngve og Lars Johan har mykje til felles. Begge er fødd i 1981, og gjekk såleis saman på skulen. Dei har spela på same fotballag både her heime i Uskedalen og elles. Begge har også bidrege med kunnskapane sine i Brann. Lars Johan har m.a. vore trenar for Brann 2, medan Yngve kan sjå tilbake på 7 år som fysisk trenar og fysioterapeut i Bergensklubben før han fekk hovudansvaret for den medisinske avdelinga i mønsterklubben Sogndal.

Planen er at vi skal koma tilbake med meir stoff om dei to som har gjort fotballen til levebrød, i nær framtid.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland